



Ope møte torsdag 4.oktober, kl. 18.00

Frammøte: Ca. 30 slektsinteresserte.

Tema 1: **Grips historie og menneskene der**
ved *Paul Bakkmyr*, Kristiansund.

Kjeldetilfanget for Grips historie.

- Skattemanntal, dei eldste frå 1500-talet. Talet på hovudforsørgjarar var mellom 20 og 50 dei første hundreåra. Grip kyrkje frå før den tid.
- Skiftemateriale, viser rikdom og fattigdom på Grip. Grip var eigd av erkebiskopen fram til reformasjonen, seinare kongen, og frå 1720 begynte væreigartida som varte til 1909. Væreigar Hans Holman kjøpte Gripværet og slo alle husa under seg. Bebruarane vart husmenn og måtte betale leige. Seinare også leveringsplikt og all handel hos væreigar, og stor innkvarteringsplikt av tilreisande fiskarar i sesongfiskeria.
- Kyrkjebøker frå 1733. Viser store og mindre tap på havet og store epidemiar, særleg rundt 1760 ved heimvende soldatar og koppesjukdommen.
- Folketeljningar. Folketalet auka framover mot 1790 (ca. 150 fastbuande), men gjekk så nedover. Lavmål rundt 1814 med 50 sjeler.

Livsvilkår: Sjukdommar og forlis. Problem med ferskvatn og toalettforhold, spes. under sesongfiskeria med 350 tilreisande. Ureinsligheit med fisketilverknad. Sunnhetsvesenet frå 1840. Betre forhold. Tilflytting, mykje frå Gjemnes.

Losane ei viktig gruppe.

Skule frå 1860. Frå ca. 1900 eigen kommune. Postkontor, 2 butikkar, telefon og straum. Bebruarane frikjøpte husa sine i 1909. Eit blomstrande samfunn. Skulen nedlagt 1971/1972. Gripværet avfolka deretter.

Eit svært innhaldsrikt og interessant foredrag.

Tema 2: **Oldekvarter**
ved *Rolf Stranden*.

Om oldefaren Kristoffer Johansen Wiig, fødd i Veøy i 1828. Slo seg ned i Råen på Hustad. Dreiv som tømrrar.

Tema 3: **Minikurs i folketeljingane**
ved *Eva Hjelen*.

Startet på Slekt og Data sin hjemmeside med søk etter folketeljingar. Mange interessante artiklar der om temaet. Deretter gjekk Eva gjennom søkjemulighetene i folketeljingane på ein lettfatteleg måte.